



Ope møte om naturbasert flaumførebygging

Måndag 26 .august kl 18 i kommunestyresalen

Oppland fylkeskommune og Skjåk kommune inviterer til eit ope møte om naturbasert flaumførebygging i Skjåk. Bakgrunnen for dette er at fylkeskommunen deltar i EU-prosjektet «PHUSICOS», eit forskings- og innovasjonsprosjekt som har som hovudmål å demonstrere korleis naturbaserte løysingar kan tilby robuste, bærekraftige og kostnadseffektive tiltak for å redusere risikoen ved ekstreme vêrsituasjonar. Tanken med naturbaserte løysingar er at naturen i seg sjølv er ei kjelde til idear og løysningar for å minimere risikoen som klimadrivne naturskader står for, og at naturbaserte løysningar kan være fleksible alternativ til meir tradisjonelle løysningar. Prosjektet kan bidra med delfinansiering, kompetanse, råd og vegleiing.

Innhald i møtet:

1. Presentasjon av prosjektet - OFK (15 min)
2. Presentasjon av aktuelle områder som kan vera med i prosjektet - Skjåk kommune (25 min)
3. Kaffipause (20 min)
4. Gruppearbeid
Ordne gruppearbeid, dele grupper etter elvestrekningar, sende ut ei liste der deltakarane kan skrive seg på den elvestrekningen dei representerer, diskusjon i gruppa (30 min)
5. Kvar gruppe presenterer sitt arbeid. Maks fem min pr gruppe (25 min presentasjon)
6. Oppsummering og val av arbeidsgruppe (30 min)

Vi håpar på god deltaking, og ynskjer velkome til møtet!

Møtet er ope for alle utan påmelding. Samstundes er det fint å vite noko om kor mange som kjem. Om du har bestemt deg for å delta er det fint om du sender ein e-post til:

tor.taraldsrud@skjaak.kommune.no

Meir om bakgrunn for prosjektet:

Regional plan for Gudbrandsdalslågen med sidevassdrag var ein av hovudgrunnane til at fylkeskommunen ble med i dette prosjektet, og Gudbrandsdalen er derfor vald ut som eit av hovudområda i prosjektet. Målet er at minst 3 naturbaserte tiltak skal bli implementert i



Skjåk kommune



OPPLAND
fylkeskommune

Gudbrandsdalen. Flaumen hausten 2018 gjorde det naturleg å sjå på moglegheita for å gjennomføre tiltak i Skjåk.

I prosjektet er det eit mål å demonstrere fordelane ved naturbaserte løysingar. Dei gir meir robuste lokalsamfunn gjennom bærekraftig forvaltning og ansvarlig bruk av land-, vatn- og naturressursar. Det kan til dømes vera løysningar som bruker eller restaurerer eksisterande naturtyper og økosystem, eller løysingar som baserer seg på bruk av natur. Det er eit premiss at dei naturbaserte tiltaka skal vera effektive, ha ein skadereduserande effekt, og auke sikkerheita. I tillegg er det eit mål at løysningane skal ha positive tilleggseffektar (miljømessige, sosiale, økonomiske), vere innovative, ha overføringsverdi og bidra til verdiskapning lokalt.

Prosjektet legg stor vekt på medverking, og det er en føresetnad at prosessen rundt utveljing og implementering av tiltak involverer aktuelle interessegrupper. Vi ynskjer derfor å halde eit ope møte for å nå ut til flest mogleg. Det vil vera mogleg å kome med innspel, diskutere og stille spørsmål. Målet med møtet er å identifisere aktuelle problemstillingar, og få innspel til aktuelle tiltak. Det er også eit mål å etablere ei oppfølgingsgruppe, som i etterkant kan jobbe vidare med forslaga til tiltak som kjem frem i møtet.